

## **Budsjett for Voss herad 2020**

Voss Høgre ber om at framlegga under følgjer saka på høyring, fram mot handsaminga av budsjettsaka i heradsstyret:

Verbalframlegg

### **1. Unyttta ressursar**

Mange menneske slit med å kome seg inn på arbeidsmarknaden, som følgje av hol i CV-en, funksjonshemming eller andre utfordringar. Dette er personar som kan vere viktige og gode ressursar for arbeidsplassar som Voss kommune, men som i staden endar med arbeidsløyse. NAV har fleire ordningar med løns- og inkluderingstilskot for arbeidsplassar som seier ja til å tilsette personar som av ulike grunnar har ekstra utfordringar når det gjeld å kome seg inn på eller attende til arbeidsmarknaden.

Framlegg: Minst 5 % av alle nye tilsettingar i Voss kommune skal vere tilsettingar av personar som av ulike grunnar har hol i CV-en sin, funksjonshemmingar eller andre utfordringar som gjer at dei har ekstra utfordringar når det gjeld å kome seg inn på eller attende til arbeidsmarknaden.

### **2. Vedlikehaldsetterslepet i dei kommunale barnehagane**

Mange av dei kommunale barnehagane i Voss kommune er prega av stort vedlikehaldsetterslep. Lokala er i ei slik forfatning at vi snarast må starta opp eit systematisk arbeid med å få retta opp feil og manglar. Det må lagast ei prioriteringsliste over kva arbeid som må gjerast i kva barnehage, kva som hastar mest og kva som eventuelt kan vente eit år til. Deretter må sjølve vedlikehalds- og oppussingsarbeidet starte opp, i prioritert rekkjefølgje.

### **3. Barnehage i sentrum**

Arbeidet med å få på plass ny, sentrumsnær barnehage, gjerne i tilknytning til Nyrefeltet, Vossabadet eller Prestegardsmoen, må starte opp i 2020. Kommunen må vere open for å samarbeide med private aktørar for å få til dette.

### **4. Mat til sjukeheimane**

Kommunen må prioritere tiltak som kan bidra til at sjukeheimar og heimebuande som får levert mat frå kommunen, får best mogleg mat, med tanke på både smak, utsjånad og næringsinnhald.

### **5. Bustader**

Kommunen må ha særleg fokus på prosjektering og bygging av bustader tilpassa unge og eldre, og vere open for ulike løysingar for finansiering av slike bustader

### **6. Helse og omsorg**

- Det skal ikkje overførast ressursar frå stillingar som er i direkte kontakt med brukarane av tenestene, til oppretting av nye leiarstillingar eller administrative stillingar

- Det skal leggjast til rette for at tilsette som ynskjer 100 % stilling, skal få tilbod om dette.
- 

## **7. Aktivisering av eldre og menneske med nedsett funksjonsevne**

Det å få vere i aktivitet og ha moglegheit til å delta sosialt er viktig for alle menneske, og gjev gevinst i form av betre fysisk og psykisk helse. Aktiviseringstilbod for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal difor oppretthaldast på minimum same nivå som for 2019.

## **8. Legekontor i Granvin**

Legetenesta i Granvin skal vidareførast. Voss Høgre vil ikkje at dette skal finansierast gjennom Granvin Bygdeutviklingsfond, men at tenesta vert teken inn i det ordinære budsjettet.

## **9. Barnehage på Bolstad**

Det skal arbeidast vidare med å få på plass eit barnehagetilbod på Bolstad.

## **10. Vaktmeisterteneste for heimebuande eldre og personar med nedsett funksjonsevne**

Det vert oppretta ei vaktmeisterteneste for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Finansiering: Noko eigenbetaling for tenestene, i kombinasjon med innsparing som følgje av at tiltaket kan verke førebyggjande på til dømes fall-ulukker i heimen.

## **11. Brannstasjon**

Tomteval for ny, sentrumsnær brannstasjon må kome på plass snarast, for å sikre framdrifta i prosjekteringa av ny stasjon.

## **12. Oppfølging av budsjettet for 2020**

I samband med handsaminga av kvartalsrapportane i 2020 skal rapportane innehalde informasjon om

- planlagde endringar som inneber reduksjon i talet på tilsette eller stillingsprosentar i aktuell eining
- planlagde endringar som inneber redusert tenestetilbod
- omstruktureringar
- i kva grad kommunen sine mål vert oppnådd, og kva effekt ulike tiltak har synt seg å ha med tanke på måloppnåing.

18/11 - 19

David Inge Tveita